

## Utleigetakstar og vilkår for leige

### Prisliste ved utleige av bedehuset gjeldande frå 01.01.2015

Nr.	Utleigetype	Pris	Merknad
<b>1</b>	<b>Kristne møte og festar</b>		
1.0	Enkelt møte (med og utan kjk.)	Gratis	
1.1	Møteveke/møtehelg (min. 3 møte) inkl. evt. bruk kjk.	Kr 500	Gjeld når arrangør tar opp kollekt Dei organisasjonar som har basar på bedehuset og betaler 10% av beløpet som leige, skal ha gratis møteveker/møtehelger.
1.2	Basar inkl. evt. kjk.	10% av bto. inntekt	
1.3	Andre arrangement (salsmesser, bokkveld m.m.)	Kr 300	
<b>2</b>	<b>Regelmessige samlingar</b>		Satsane er rettleiande. Lagleiar informerer om møtefrekvens og deltakarar. Gjeld for: Søndagsskule, jentelag, yngres, Loftet, skulelaget
2.1	Prisgruppe I, rettleiande	Kr 600	Tal møte per år x gj.sn. tal deltakarar < 100
2.2	Prisgruppe II, rettleiande	Kr 1.200	Tal møte per år x gj.sn. deltakarar < 200
2.3	Prisgruppe III, rettleiande	Kr 1.800	Tal møte per år x gj.sn. deltakarar > 200
<b>3</b>	<b>Privat utleige, gravferd, familielag o.l</b>		
3.1	Leige av møterom utan kjk.	Kr 300	Samver utan direkte kristen målsetjing
3.2	Tillegg: Leige av kjøken	Kr. 200	
3.3	Konfirmasjon, selskap, minnemøte (høve til bruk av "heile huset")	Kr 1.200	Gratis minnemøte når etterlatte ønskjer minnegåve til bedehuset
<b>4</b>	<b>Utleige av utstyr</b>		
4.1	Leige av bord	Kr 100	Fast pris for normalt omfang. (Stolar vert ikkje utleigde)
4.2	Anna utstyr etter avtale		Vert vurdert i kvart tilfelle

### Vilkår for leige av bedehuset

#### 1. ANSVARSPERSON

Ved utleige skal det vere ein ansvarleg for leigetilhøvet. Den ansvarlege er kontaktperson for styret.

Vedkommande har ansvar for å få nøkkel frå bedehuset sin kontaktperson og syte for at lokalet vert låst opp i rett tid og låst etter bruk. Den ansvarlege må og sjå til at lys er slukka, at vindu er lukka og alle ytterdører er låste når huset vert forlatt.

**NB! Ver forsiktig med bruk av levande lys! Det er særleg viktig å passe på at levande lys er slukka og at omner og anna utstyr er sikra mot brannfare. Den ansvarlege skal gå igjennom sjekklister kvar gong huset vert forlatt. framhald....**

## 2. RESPEKT FOR HUSET SIN EIGENART

Ansvarleg leigetakar har ansvar for at alle som kjem inn i bedehuset, respekterer huset sine lover. Bedehuset må ikkje nyttast i strid med den kristne målsetjinga.

Det er ikkje tillatt å røyke eller å nytte alkohol eller andre rusmiddel i bedehuset. Ein må heller ikkje vise bilete/filmar/tekstar som bryt med kristen tru og moral.

## 3. RYDDING OG REINHALD

Styret for bedehuset har ei vaskeordning for huset. Men dei som leiger, har ansvar for å rydde etter seg og setje stolar m.m. på plass etter arrangementet.

Det skal og ryddast ”rusk og rask”. Etter matservering (festar) skal salen vaskast av leigetakar. Kjørel og kjøken skal vaskast av leigetakar etter bruk. Boss skal leggast i bedehuset sitt bosspann utanfor huset.

Brukande utstyr og varer som vert etterlatt på bedehuset, tilfaller bedehuset om ikkje anna er avtalt. Det same gjeld varer som vert etterlatt i kjøleskap eller fryseboks (bortsett frå dei som brukar huset regelmessig).

## 4. BETALING

”Faste leigetakarar” (pkt. 2 i prislista) betaler ei gong per år. Bedehuset sender faktura i november/desember. Andre leigetakarar betaler etter kvart innan 14 dagar etter at arrangementet er fullført. Giroblankett med liste over utleigetypar kan ein finne på bedehuset.

Dersom det er tvil om forståing av prislista, avgjer styret kva som skal betalast.

## 5. FEIL OG MANGLAR

Bedehusstyret ber om at leigetakarar som oppdagar feil og manglar ved hus og utstyr, gjev melding om dette til ansvarleg kontaktperson for huset straks det vert oppdaga.

*Med helsing Vågen bedehus*